

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	11.02.2019
008/19	Levekårsutvalet	PS	12.02.2019
005/19	Formannskapet	PS	14.02.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Inger Marie Jordal	15/278

Vurdering av sanserom - Alversund skule

Vedlegg :

01-A-200-20-001 - Plan 01 Presentasjon
02-A-200-20-002 - Plan 02 Presentasjon
03-A-200-20-003 - Plan 03 Presentasjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Planløyisinga på ny Alversund skule vert ikkje endra grunna vurdering av sanserom i plan 2. Det vil vere mogleg å omdisponere anna areal og etablere eit sanserom på eit seinare tidspunkt.

.....

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 005/19

RMNF - behandling:

Orientering til saka v/Inger Marie Jordal- prosjektleiar Drift eigedom

Ingen merknader.

RMNF - vedtak:

Ingen merknader.

Levekårsutvalet - 008/19

LE - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Uttale i Levekårsutvalet - 12.02.2019:

Planløysinga på ny Alversund skule vert ikkje endra grunna vurdering av sanserom i plan 2. Det vil vere mogleg å omdisponere anna areal og etablere eit sanserom på eit seinare tidspunkt.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Levekårsutvalet.

Saka skal avgjerast i Formannskapet.

Bakgrunn

I kommunestyret 13.09.2018 var forprosjektet for ny Alversund skule oppe til politisk behandling. Administrasjonen fekk i den forbindelse ei bestilling. Viser til sak 062/18, vedtakspunkt 3:

«Kommunestyret ynskjer ei vurdering i høve til om ein kan få inn eit sanserom i andre etasje. Dette i tillegg til sanserommet i tredje etasje.»

Vurdering

På ny Alversund skule er det planlagt eitt sanserom. Rommet er sentralt plassert i plan 3. Elevane på dei lågaste trinna har heimeområde i plan 2, og er dei elevane som har lengst avstand til sanserommet. Maks avstand frå undervisningsareal til sanserommet er ca. 60 meter.

Sanserommet er tenkt oppbygd som eit «snoezelen» - eit rom som skal stimulere syn, hørsel, lukt, smak mm. Det er gjerne ulikt teknisk utstyr plassert i rommet for å skape den ønskelege atmosfæren. Det er ikkje eit skjerma rom for utagerande elevar.

Skulen har vore tett involvert i utarbeiding av planløysinga. Dei meiner sanserommet har ei fin plassering der det ligg i dag og ser ikkje behov for eit sanserom til.

Rådmannens tilråding er å behalde planløysinga slik den føreligg. Om det skulle vise seg eit

behov for sanserom i plan 2 kan det organiserast på eit seinare tidspunkt. Ein kan til dømes gjere eit grupperom om til eit sanserom eller lage eit kombinert gruppe- og sanserom.

.....